

Nytt fra Faggruppe for allmenntmedisin, UiB

Kjære kollega i vestlandsk allmennpraksis!

Med lov skal landet byggast, heiter det, og det gjeld nok også når landet heiter Fastlegeordninga. Forslaget til ny fastlegeforskrift har likevel vekt sterke og forståelige reaksjonar i fastlegekorpset. I min samanheng gjeld det forskning og undervisning, der kommunen og fastlegen si plikt til å delta, ikkje vert følgt opp av naudsynte verkemiddel.

Det er heilt uklart korleis universitetet kan nytte kommunen si plikt til at fastlegane skal delta i undervisning. Det står ingenting om korleis ein skal få dekkja utgifter til kontor og anna. Undervisning bør vere frivillig, inngå i kommunale timar, ha god betaling og skje i høvelege lokale.

Kommunane skal medverke til forskning, da er fastlegane viktige. Forslaget til forskrift har faktisk tatt vekk det som til no er oppnådd i avtale; retten til permisjon og vikar for å drive allmennmedisinsk forskning og retten til fritak for kommunale timar ved meir enn 15 timar statleg verksemd eller forskning. Det rammar samarbeidet mellom universitet og fastlegane sterkt.

Alle gode krefter må no nytte høyringa til å styrke fastlegepraksis som undervisnings- og forskingsarena, ikkje bygge ned.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@isf.uib.no

Ny doktorgrad: Urininkontinens i svangerskap

Stian Langeland Wesnes disputerte 26. oktober 2011 for ph.d-graden ved UiB med avhandlingen: "Urinary incontinence during pregnancy and postpartum. Incidence, prevalence and risk factors."

Over 43 000 gravide kvinner fra Den norske mor og barn-undersøkelsen inngikk i studien, og 46 % av disse ble inkontinent for første gang i løpet av svangerskapet. Økende alder, økende BMI og økende antall fødsler var risikofaktorer for urininkontinens både før- og under svangerskapet. Vektøkning under svangerskapet påvirket i liten grad

risikoen for urininkontinens under svangerskapet og etter fødsel. Å gå ned i vekt etter fødselen ser ut til å være viktig for å unngå inkontinens og for å gjenvinne kontinens seks måneder etter fødselen.

Stian Langeland Wesnes (f. 1978) har legeutdanning fra NTNU i 2004, og har siden arbeidet deltidd ved Forskningsgruppe for allmennmedisin, siste årene som stipendiat finansiert av Helse Vest. Han er nå fastlege ved Krambua Legesenter i Bergen. Professor Steinar Hunskaar har vært hovedveileder.

Ny doktorgrad: Plager etter giardia- utbruddet i Bergen.

Knut-Arne Wensaas disputerte 25. november 2011 for ph.d-graden ved UiB med avhandlingen: "Giardiasis in Bergen. Outbreak and clinical consequences."

Studien viser at mange pasienter i Bergen har hatt vedvarende plager etter Giardia-utbruddet i 2004, der mer enn 5000 personer ble syke, og at Giardia-infeksjon kan medføre større plager enn man har vært klar over.

Hos pasienter som ble spurt seks måneder etter utbruddet svarte 37 % at de hadde mageplager som var nyoppståtte etter Giardia-infeksjonen. Etter 12 måneder oppga fortsatt 19 % slike plager. Tre år etter utbruddet oppfylte 46 % av 817 pasienter kriteriene for diagnosen irriterbar tarm-syndrom, og 46 % hadde symptomer på kronisk utmattelse. Hos kontrollene var andelen 14 % og 12 %.

Knut-Arne Wensaas (f. 1964) har legeutdanning fra UiB i 1993, er spesialist i allmenntmedisin og jobber som fastlege ved Kalfaret legesenter i Bergen og som forsker ved Allmenntmedisinsk forskningsenhet Bergen. Professor Guri Rørtveit var hovedveileder.

Kurs: Samtaler som innbyr til endring

Kurs nr.: B-26425, 12-13 mars 2012 i Legenes Hus. Faggruppe for allmenntmedisin er stolte over å kunne invitere til et todagers emnekurs med den kjente allmenntlegen John Launer fra Tavistock-klinikken i London.

Første del av kurset blir på norsk, viet de samtalene som allmenntleger finner utfordrende, frustrerende og tappende. I siste del av kurset vil John Launer undervise i avanserte endringssamtaler med temaer som livsstilsendring, arbeid med emosjonelle og relasjonelle problemer, sorg og tap, rus og avhengighet, kulturelle og språklige forskjeller. Han har også skrevet en bok som anbefales: Narrative-based primary care. A practical guide. Radcliffe Medical Press 2002.

Kursledere er fastlege og professor Eivind Meland og fastlege og førsteamanuensis Thomas Mildestvedt. Påmelding til kurs.bergen@legeforeningen.no.

Forskningsmidlar til Vestlandet

Styret i Allmenntmedisinsk forskningsfond tildelte i fjor stipend for hausten 2011, i alt over 7 mill kroner. Ein god slump av dette kom til prosjekt i vår region:

Stipendiat Robert Burman, Bergen, for prosjektet Brystmerter på legevakt. Han er tilknyttet Nasjonalt kompetansesenter for legevakttmedisin.

Fastlege i Modalen Frøydis Gullbrå for prosjektet Fastlegen i møte med barn som pårørende. Ho er ved AFE Bergen.

Fastlege i Bergen Øystein Hetlevik for prosjektet Studie av ulikhet i fastlegeordninga, ved Institutt for samfunnsmedisinske fag.

Fastlege og sjukeheimslege i Stavanger Kristina Riis Iden for prosjektet Depresjon i sykehjem, tilknyttet AFE Bergen.

Fastlege i Lindås Kristian Simonsen for prosjektet Influenzaepidemien 2009 belyst ved aktivitetsdata fra legevakt og fastlegepraksis. Han er ved AFE Bergen.

Fastlege i Vennesla Aase Aamland for prosjektet "Sick leave among MUPS-patients. Can a general practitioner make a difference?" Ho er tilknyttet AFE i Bergen.

Allmenntmedisinsk forskningsfond (AMFF) er med dette svært viktig for den akademiske aktiviteten vår.

Nytt fra Faggruppe for allmenntmedisin, UiB

Kjære kollega i vestlandsk allmennpraksis!

Mange ting tyder på at sjukeheimsmedisinen skal få eit fagleg og akademisk løft, og at fagmiljøa våre i Bergen skal spele ei viktig rolle.

Samhandlingsreforma tilseier auka fagleg kvalitet og meir legearbeidskraft i sjukeheimane. Både reforma, stortingsmeldinga om velferdsutdanningane som kom nyleg, og studieplanarbeid ved fakultetet i Bergen, seier at det må bli meir undervisning og praksis knytt til sjukeheimar, og at institusjonane er underbrukt som undervisningsarena for legar.

Helse Vest har nyleg finansiert fleire professorat i eldremedisin, og også vårt institutt har no lyst ut stilling som professor i sjukeheimsmedisin. Det siste er ein del av ei satsing på å bygge opp eit Senter for sjukeheimsmedisin, knytt til Institutt for samfunnsmedisinske fag og Forskningsgruppe for allmenntmedisin. Vi har også sterke signal om støtte frå fond og legat, slik at det kan komme i gang god aktivitet ved eit slikt senter i løpet av året. Senteret skal drive forskning og fagutvikling i sjukeheimsmedisin med vekt på legane si faglege rolle.

I tillegg har NOKLUS allereie ein viktig aktivitet knytt til sjukeheimane, gjennom kontroll av laboratorieverksemda. Dei har no fått pengar til også å involvere sjukeheimslegane i arbeidet sitt, som omtalt annan stad på denne sida.

Sjukeheimsmedisinen er med andre ord i vinden for tida!

Steinar Hunskaar
steinar.hunskaar@isf.uib.no

Doktorgrad: Bedre lege-pasientsamtaler?

Liv Tveit Walseth disputerte 14. februar 2012 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen: "Change through ethical dialogue. A theoretical and qualitative study of lifestyle counselling in general practice."

Hvordan sikre at legeråd om ny livstil fører til endring og ikke bare til frustrasjon? Walseth viser i sitt doktorgradsarbeid at legen må forstå pasientens hverdagsliv og forpliktelser for å

bidra til endring. I en god dialog må pasienten utfordres til å tenke over sine verdier, hvem man er og hvordan man vil leve. Walseth tar utgangspunkt i pasientintervjuer og fastlegekonsultasjoner, og har undersøkt om pasientsentrert medisin kan forbedres ved bruk av sosiologen Jürgen Habermas' teori om kommunikativ handling i samtaler mellom lege og pasient.

Liv Tveit Walseth (f. 1960) er utdannet lege (1984) og spesialist i allmenntmedisin. Hun arbeider nå i psykiatrien ved SSHF Kristiansand. Professor Edvin Schei var hovedveileder.

Doktorgrad: Unge og selvopplevd helse

Hans-Johan Breidablik disputerte 24. februar 2012 for PhD-graden ved UiB med avhandlingen: "Selvopplevd helse (SRH) hos barn og unge. En undersøkelse av samvarierende og predikerende faktorerens betydning for selvopplevd helse".

Emnet er belyst gjennom fire studier basert på ulike nasjonale materialer som HUNT og ulike skolekartlegginger. En markert kjønnsforskjell for SRH i jenters disfavour formidles trolig gjennom andre variabler enn kjønn i seg selv. Grunnskolejenter rapporterer om slanking og misnøye med egen kropp og utseende mer enn gutter. Slik kroppsmisnøye samsvarer med negativ SRH. Moderne idealer for utseende som eksponeres via dagens mediebilde kan være medvirkende til en negativ oppfatning av egen helse. SRH viser betydelig grad av stabilitet gjennom ungdommen. Endringer i mange faktorer påvirker SRH, mens derimot det å ha en medisinsk diagnose hadde liten betydning. SRH hos foreldrene samsvarer bare i moderat omfang med SRH hos deres barn.

Hans-Johan Breidablik er lege fra UiB (1980) og spesialist i ØNH-sykdommer, allmenntmedisin og samfunnsmedisin. Han er nå fagdirektør i Helse Førde. Veileder var professor Eivind Meland.

Forskningsmidlar til Vestlandet

Styret i Allmenntmedisinsk forskningsfond har tildelt stipend

for 2012, i alt over 7 mill kroner.

Ein god slump av dette kom til prosjekt i vår region:

- Fastlege i Kristiansand Erik Abildsnes. Hvordan samtaler fastleger med sine pasienter om livsstilsendring? AFE Bergen.
 - Fastlege i Oslo Mari Bjørkman, Bedre helsetjeneste for lesbiske kvinner. AFE Bergen.
 - Stipendiat Robert Burman, Bergen. Brystsmerter på legevakt. Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin.
 - Fastlege i Stavanger Torgeir Gilje Lid. Utfordringer og tiltak ved alkoholproblemer i allmenntpraksis. AFE Bergen og Regionalt kompetansesenter for rusforskning, Helse Vest (KoRFor).
 - Fastlege i Lindås Kristian Simonsen. Influenzaepidemien 2009 belyst ved aktivitetsdata fra legevakt og fastlegepraksis. AFE Bergen.
 - Fastlege i Stavanger Olav Thorsen. Henvvisninger fra fastleger til sykehus. Forskningsgruppe for allmenntmedisin, UiB.
 - Fastlege i Venesla Aase Aamland. Sick leave among MUPS-patients. AFE i Bergen.
- Allmenntmedisinsk forskningsfond (AMFF) er med dette svært viktig for den akademiske aktiviteten vår.

Seks millioner til sykehjemsprosjekt

For å bidra til realisering av Samhandlingsreforma gjennom kompetanseheving på sykehjem har NOKLUS fått bevilget 6 millioner kroner fra statsbudsjettet i 2012. Det skal bl.a. utarbeides fagprogram tilrettelagt for sykehjemsleger i form av kasuistikker der ulike problemstillinger er knyttet opp til sykehjemsmedisin. NOKLUS utarbeider svarrapport med faglege tilbakemeldinger, slik at legane kan se sine egne svar sammenliknet med kollegaenes svar. Dessuten skal det utvikles prosedyrer for hva en skal gjøre ved et avvikende og/eller uventede prøvesvar, og for når sykehjemslegen skal kontaktes. Målet er at god kvalitet på laboratorieanalysene gir økt trygghet til syke eldre ved at feil behandling og unødvendig innleggelse på sykehus kan bli hindret.

Nytt fra Faggruppe for allmennmedisin, UiB

Kjære kollega**i vestlandsk
allmennpraksis!**

Det medisinsk-odontologiske fakultet er i stadig endring. I disse dagar vert det vedtatt ein ny organisasjonsplan med enda færre og større institutt og med omfordeling av mange oppgåver. Samstundes er det vedtatt at det skal utgreiast ein heilt ny studieplan, for at legeutdanninga skal vere i takt med framtida.

Studieplanen i Bergen er gammal og i prinsippet uendra i oppbygging gjennom årtider. Det er sterk vekt på preklinikk og førelesningar oppdelt etter enkeltfag og sjukehusavdelingar. Det er lite pasientkontakt i starten, lite kommunikasjonstrening og svært lite øving i samarbeid, både mellom ulike legar og med andre profesjonar. Det er stor vekt på faktakunnskap og prøving av slik til mange eksamenar. Mange lesarar av denne spalta utdanna i Bergen langt tilbake vil kjenne att sitt eige studieopplegg den dag i dag!

Dette skal vi no forsøke å endre. Få førelesningar, meir fordjupning, meir allmennmedisin, meir akademisk trening og meir integrering er berre nokre av stikkorda for dei som no arbeider med det nye forslaget til studieplan. Samhandlingsreforma treng ny tenking også når det gjeld undervisning, ikkje berre i allmennmedisin, men også i sjukehusfaga.

Legestudentane må bruke meir bibliotek, internett, modelltrening og ferdighetssenter. Poliklinikkar og sjukeheimar må utnyttast som gode læringsstader. Om eitt år veit vi kva retning legestudiet i Bergen vil ta framover.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@isf.uib.no

**Doktorgrad: Psykisk
sykdom og fastlegene**

Svein Kjosavik disputerte 2.3.2012 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen *Prescribing and Prescribers of Psychotropic Drugs in Norway. A population based pharmacoepidemiological study.*

Avhandlingen analyserte bruken av psykofarmaka, samt fordelingen av forskrivningen mellom fastleger, psykiatere og

andre leger. 15 % av befolkningen fikk minst en resept på et slikt legemiddel i 2005. Kvinner fikk oftere enn menn, og antallet som fikk slik behandling økte betydelig med alderen. Av alle reseptene hadde fastlegene utstedt ca. 80 %. Fastlegene startet også behandlingen til de aller fleste, med en økende andel ved økende pasientalder. Psykiaterne sin andel var omtrent en tredel hos pasienter under 20 år, men falt raskt med økende alder. Mengden av vanedannende midler i løpet av de første tre månedene av behandlingen var den faktoren som betydde mest for utvikling av langtidforbruk eller storforbruk.

Svein Kjosavik (f. 1958) har legeutdanning fra UiB, er spesialist i allmennmedisin og jobber som fastlege i Sandnes. Han har vært tilknyttet Allmennmedisinsk forskningsenhet og Forskningsgruppen for allmennmedisin, med professorene Steinar Hunskaar, Sabine Ruths og Dag Årslund som veiledere.

Ny bok:**Søvnsykdommer**

Bjørn Bjorvatn har utgitt ny bok om hvordan søvnsykdommene utredes og behandles. Boken retter seg mot helsepersonell og studenter som jobber med pasienter med søvnproblemer, det vil si fastleger, sykehusleger, psykologer og andre.

Bjørn Bjorvatn er professor i allmennmedisin, leder av Nasjonalt kompetansesenter for søvnsykdommer (www.sovno.no) og leder av Senter for Søvnmedisin ved Haukeland universitetssjukehus. ISBN 978-82-450-1150-0. Fagbokforlaget.

**Forskningsmidlar til
Vestlandet**

Styret i Allmennmedisinsk forskningsfond har tildelt stipend for hausten 2012, i alt nesten 6 mill kroner. Ein god slump av dette kom til prosjekt i vår region:

- Fastlege i Kristiansand Erik Abildsnes. Hvordan samtaler fastleger med sine pasienter om livsstilsendring? AFE Bergen.
- Fastlege i Bergen Øystein Hetlevik. Legene og listen i fastlegeordningen.

- Fastlege i Stavanger Kristina Iden. Depresjon i sykehjem.
- Fastlege i Lindås Kristian Simonsen. Influensaepidemien 2009 belyst ved aktivitetsdata fra legevakt og fastlegepraksis. AFE Bergen.

Pristildelingar

Institutt for samfunnsmedisinske fag har delt ut ei rekke prisar for 2011, deriblant:

Fastlege og forskar Knut Arne Wensaas si avhandling om giardiaepidemien i Bergen fekk prisen for beste doktoravhandling i 2011, og blir vår nominerte i fakultetskonkurransen.

Bettina S Husebø fekk prisen som årets formidlar og går også vidare til fakultetskonkurransen.

**Tverrfaglig trening
av studenter**

Representanter for utdanningen i medisin, odontologi, tannpleie og farmasi har samarbeidet med Høgskolen (fysioterapi) og Bergen kommune om å trene siste års studenter i tverrfaglig klinisk samarbeid. Våren 2012 er det gjort et pilotprosjekt ved et sykehjem i Bergen. En student fra hver av studiene gikk sammen i gruppe om å utrede to sykehjemspasienter. Alle studentene var til stede hos pasienten samtidig. Etter utredning av pasientene skrev de en grundig rapport med opp til ti forslag til tiltak for hver pasient. Rapporten ble presentert overfor sykehjemets faglige stab en uke etterpå, og den ble lagt ved epikrisen fra sykehjemmet til fastlege da pasienten ble utskrevet.

Prosjektet ga en spennende modell for framtidige studieopplegg.

Bok: Fokusgrupper

Professor Kirsti Malterud har nylig utgitt boken "Fokusgrupper som forskningsmetode for medisin og helsefag" på Universitetsforlaget (ISBN: 9788215020464). Boken presenterer metodiske prinsipper, prosedyrer og utfordringer for forskere som vil bruke fokusgruppedesign som forskningsmetode.

Nytt fra Faggruppe for allmenntmedisin, UiB

Kjære kollega i vestlandsk allmennpraksis!

Utviklinga på IT i allmennpraksis skjer med små og sjeldne skritt. No har Staten løyvd pengar til å utvikle program for samstemming av medisinlister mellom epikriser, andre meldingar og legejournalen si liste over medisinar som er i bruk. Programmet skal kjenne att medikamenta frå fri tekst og sette dei opp i ein tabell slik at fastlegen lett skal kunne oppdatere medisinlistene sine.

Dette er likevel berre ein liten bit av alt vi treng, eller rettare sagt, burde hatt, når det gjeld system for å utnytte dei elektroniske journalsystema i pakt med kva teknologien gjer mogeleg. I beste fall kan vi kalle det «klatting». Det har rett og slett ikkje vore mogeleg å få Staten til å ta eit overordna samla grep for ei IT-satsing for allmennpraksis. Vi har rett nok fått ei velfungerande e-reseptløyving og mange kan no sende elektroniske meldingar til kommunale tenester. Men det er ingen standardisering på mange punkt, vi kan framleis ikkje nytte ein enkel adressemeny for å sende meldingar alle plassar vi vil, det er ingen enkel digital overføring av journalar, og vi er ikkje på nett med NAV, berre for å nemne nokre eksempel.

Det er ikkje berre trist, men tungvint og dyrt med mykje av den papirbaserte samhandlinga på mange område. Eg har tenkt at norske allmennlegar vart for gode for tidleg på EPJ, og deretter har vi ikkje klart å ta eit samla løft inn i dagens teknologiske kvardag. Eg veit mange allmennlegar gjer ein stor innsats, medan det offentlege ofte framleis er ei sinke.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskaar@isf.uib.no

Doktorgrad: Eldre og legemiddeltryggleik

Kjell H. Halvorsen disputerte 16. mars 2012 for ph.d. graden ved UiB med avhandlinga "Drug prescribing quality for older patients. Explicit indicators and multidisciplinary medication reviews." Avhandlinga konkluderer med at forskringa til eldre kan betrast mykje.

Hos meir enn 11 000 eldre som brukte multidose fann han at

ein tredel av sjukeheims pasientane og en firedel i open omsorg brukte minst eitt uheldig legemiddel. Tverrfagleg samarbeid mellom farmasøyt, lege og sjukepleiar løyste 3,5 legemiddelproblem og reduserte bruken med 1,5 legemiddel per pasient i gjennomsnitt. Men avhandlinga fann også at det gjev utfordringar når nye profesjonar kjem inn i etablerte samarbeid.

Kjell H. Halvorsen (f. 1977) er frå Vestvågøy og utdanna cand.pharm. Han har arbeidd ved sjukehusapotek og som apotekar før han vart stipendiat ved Senter for farmasi og Forskningsgruppen for allmenntmedisin, UiB. Professor Sabine Ruths, I. amanuensis Anne Gerd Granås og I. amanuensis Per S. Stensland har vore rettleiarar.

Allmennpraktiker- stipend til Bergen

Ved tildeling for høsten 2012 var det fem tildelinger med tilknytning til Bergensmiljøet:

Anette Fosse, fastlege Mo i Rana, med prosjektet Døden i sykehjem - pasienter og pårørendes tanker og forventningar.

Kristian Jansen, fastlege Samnanger, med prosjektet Liverpool Care Pathway på sykehjem - en studie av medikamentbruk ved livets slutt.

Guttorm Raknes, fastlege i Meland, med prosjektet Avstander og legevaktsøking.

Halvor Lund, Oslo legevakt, med Bruk av Manchester Triage System som verktøy for å vurdere om en pasient trenger konsultasjon hos legevaktslege.

Kristin Hågøy, fastlege Bergen, med prosjektet Villet egenskade på legevakt.

Studietur til Nederland

Undervisere i allmenntmedisin fra UiB har vært i Groningen for å studere medisinstudiet, videreutdanning i allmenntmedisin og allmenntmedisinsk forskning. Integrering av allmenntmedisin i de nye sammenslåtte medisinske fakulteter og universitetssykehusene i Nederland til University Medical Centres byr både på muligheter og utfordringer for faget.

Medisinstudiet der bygger i stor grad på problembasert læring og integrert undervisning, der studentene får pasientkontakt tidlig i studiet, og profesjonalisering er tillagt stor vekt. Det finnes en stor og flott universitetsallmennpraksis, som rekrutterer pasienter både til undervisning og forskning.

Allmennmedisingruppen har ansvar videreutdanningen som er et 3-årig utdanningsløp der kandidatene jobber 4 dager i uken i allmennpraksis under veiledning, og deltar 1 dag i et utdanningsprogram på universitetet. Det ble også anledning til praksisbesøk og møter med svært hyggelige kollegaer.

Lektorkurs i Kenya

Våren 2012 hadde Faggruppe for allmenntmedisin sitt årlege kurs for universitetslektorar med 50 deltakarar i Kenya! Kurset skal auka fagleg og pedagogisk kompetanse, og annankvart år vert kurset haldne i utlandet. Kurset var delt i to:

Emnekurs i Tropemedisin i regi av University of Nairobi, og emnekurs i Kognitiv terapi i regi av professor Ingvard Wilhelmsen ved UiB.

Tidlegare kurs har vore arrangert i Canada, USA, Nederland, Belgia, Tyskland og England. Legeföreninga har støtta kurset økonomisk. Slike møte mellom universitetslektorar og akademiske/kliniske miljø i andre land er stimulerande for vidare arbeid med undervisning av medisinstudentar i allmennpraksis.

Rosendalseminaret

I juni 2012 kom den engelske allmenntmedisinlederen Iona Heath for å delta på seminaret "The nature of humans and the goals of medicine" i regi av Filosofisk poliklinikk. Sammen med Heath kom to andre stjerner på allmenntmedisinens akademiske himmel, Trisha Greenhalgh og John Launer. Deltakerne var norske leger, ph.d.-kandidater og akademikere. Samarbeid på dette nivået er en honnør til vårt akademiske miljø. John Launer, med sine metodiske tilnærminger til "conversations inviting change", vil komme igjen til Bergen den 27-28. november med kurset "Samtaler som innbyr til endring" (Kurs B-26909).

Nytt frå Faggruppe for allmenmedisin, UiB

Kjære kollega i vestlandsk allmennpraksis!

TV2 har i en serie innslag satt søkelys på legevaktstjenesten med utgangspunkt i klagesaker og medisinske feil med tragiske utfall. "Feil på legevakt" er imidlertid et sammensatt problem. For det første er legevaktarbeid preget av stor usikkerhet og kan karakteriseres som medisinsk risikosport. Syke personer kommer til legevakten med uferdige sykdomsbilder og vage tegn på senere alvorlig utvikling. Det kan skje uventet alvorlig utvikling som ingen kunne forutse, eller typiske symptomer på ufarlig sykdom viser seg i ettertid å være en sjelden tilstand det ikke var rimelig å oppdage.

For det andre er det antatt en klar sammenheng mellom medisinsk kvalitet og legenes erfaring og kompetanse, og dermed sjansen for feilvurdering. Legevakt er preget av stadig dårligere medvirkning fra spesialister i allmenmedisin og fastlegene, og en økende bruk av turnusleger og vikarer. Pasientene møter altså sjeldnere de legene som har best kompetanse og størst lokalkunnskap og erfaring. Det er ingen formelle kompetansekrav til leger i legevakt, snarere er det paradoksalt slik at kompetanse og erfaring er mindre enn før.

Til slutt kan feil skyldes det vi kaller systemsvikt. Manglende prosedyrer, utstyr, opplæring eller personell kan medføre systematisk økt risiko for feil. Helsetilsynet har slått fast at legevaktene har stor variasjon i kvaliteten. Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin har i nasjonal handlingsplan for legevakt foreslått en rekke tiltak for å bedre situasjonen, der mange av dem bør forskriftsfestes for å sikre likeverdig kvalitet over hele landet.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@isf.uib.no

Doktorgrad: Lesbisk selvtillit og helse

Mari Bjørkman disputerte 14.9 2012 for ph.d-graden ved UiB med avhandlingen "Lesbisk selvtillit – lesbisk helse. Utfordringer og mestringsstrategier hos lesbiske kvinner."

Lesbiske kvinner er en minoritet Norge, og minoritetsstress er den

tilleggsbelastningen individer fra stigmatiserte grupper utsettes for. Avhandlingen baserer seg på fokusgruppeintervju med lesbiske kvinner og historier sendt inn via internett.

Studien viser at lesbiske kvinner opplever minoritetsstress. Deltakerne formidler at det er viktig å fortelle legen sin at man er lesbisk for å bli sett som den man er, for å kunne forklare omstendigheter og fordi det kan være medisinsk relevant. De møter både positive og negative reaksjoner. For å være god lege for lesbiske bør en unngå å ta for gitt at alle nye pasienter er heterofile, ha positiv holdning til å være lesbisk og ha noe kunnskap om helse hos lesbiske kvinner.

Bjørkman er fastlege i Oslo og forsker ved Allmenmedisinsk forskningsenhet Bergen. Professor Kirsti Malterud var veileder.

Universitetslektorpris til Zimmermann

Birgit Zimmermann, fastlege i Rosendal og universitetslektor, har fått universitetslektorprisen 2012 for sin innsats som underviser og rettleiar for medisinstudentar i allmenmedisin. Zimmermann har i mange år fått strålende kritikkar frå studentane, og ho var i år ein klar vinnar. Ho er dr.med frå Tyskland, men har arbeidd i mange år som fastlege i Rosendal, med ei spesiell interesse palliativ medisin. Prisen er ein diplom samt ei samling musikk.

Studentnominasjonen av Birgit Zimmermann lyder slik: Det vi ønsker av en praksisveileder er noen som er inkluderende, gir god oppfølging, er sterk faglig og gir deg rikelig muligheter til trening, praksis og råd underveis. Hun innehar alle disse kvaliteter vi ønsker av en praksisveileder.

Bok: Det hellige som kilde til helse

Eivind Meland, professor i allmenmedisin, har gitt ut fagbok på Eide forlag (ISBN: 978-82-514-0775-5). Boka beskriver et allmenreligiøst perspektiv på livet, som relevant for alle som opplever at vi tilhører noe større enn oss selv, uavhengig av om vi ser på oss som troende eller verdslige. Boka beskriver viktige endringer i vår samtid som gjør det hellige til en allmenreligiøs mulighet til å bedre

helse, til å bedre relasjonene mellom oss og til å ta et større ansvar for natur og miljø. Teksten argumenterer for en etisk orientering med plass til både spontanitet og ansvar. Moralen kan gjenreises ved at etikken er begrunnet i den umiddelbare erfaring. En slik etisk orientering vil redusere faren for moralisme og dogmatikk. Meland er kritisk til en grenseløs forbruksmentalitet og til urealistiske forventninger i helsevesenet og til velferdsstaten.

Formidlingspris til Bettina Husebø

Bettina Husebø ved Faggruppe for allmenmedisin har fått Det medisinsk-odontologiske fakultets formidlingspris for 2012 for sin fremragende formidling av eldremedisin. Husebø har de siste årene vært en av forskerne ved fakultetet som har vært godt synlig i media. Hun har vært aktiv og formidlet forskningsresultater omkring en rekke aldersrelaterte problemstillinger med stort spenn, der hovedfokus har vært på palliative tiltak ved livets slutt, smertebehandling, demens, overmedisinering, kommunikasjon og etisk vanskelige avgjørelser.

Selv om hun er en populær foredragsholder og underviser for fagfolk, har hun også formidlet forskningen til folk utenfor helsevesenet. Husebø var i 2011 intervjuet tre ganger av internasjonale nyhetsmedier, to ganger av BBC News. I begrunnelsen for prisen heter det ellers at gjennom sine mange verv og sitt store formidlingsengasjement har Bettina Husebø satt aldersmedisinsk forskning og sykehjemsmedisin på dagsorden.

Åpning av nytt senter

Et Senter for alders – og sykehjemsmedisin er under etablering ved Institutt for samfunnsmedisinske fag, knyttet til Faggruppe for allmenmedisin. GC Rieber Fondene har finansiert senteret i startfasen. Det blir Åpningsseminar 23.11 2012 i Studentsenteret (Egget) kl 1300-1645. Det blir taler, men også et godt faglig program, bl.a om regjeringens satsing på alders – og sykehjemsmedisin, demens og fastlegenes oppgaver. Programmet avsluttes med en paneldiskusjon. Seminaret er åpent for alle.

Nytt frå Faggruppe for allmenntmedisin, UiB

Kjære kollega i vestlandsk allmenntpraksis!

Dåverande Institutt for almenntmedisin vart høgtidleg opna 21 april 1972, og akademisk allmenntmedisin i Bergen feirer såleis 40 år i 2012. Dette vart både markert og feira på eit arrangement på Solstrand i november. Det var ein donasjon frå Legeforeningen som gjorde at UiB kunne starte med allmenntmedisin som undervisnings- og forskingsfag nokre år etter Oslo.

Instituttmiljøet har gjennomgått ei utruleg utvikling og vekst på desse 40 åra, og er i dag det største allmenntmedisinske fagmiljøet i landet, medrekna «avleggarane». Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin, NOKLUS og Allmenntmedisinsk forskningsenhet.

Vi har i dag eit godt undervisningsprogram for legestudentane, stor aktivitet i allmenntmedisinsk fagutvikling og debatt, og ein stor forskingsproduksjon i form av publikasjonar og doktorgradar.

For to år sidan trykka vi ei komplett samling av SAMklang, meldingsblad for Seksjon for allmenntmedisin, som kom ut i åra 1995 til 1998. Etter 1998 var det ein pause i utgjevingane, før meldingsbladet oppsto i ny drakt i 2001 som Universitetslegen, ein del av Paraplyen, bladet til legeföreningane i Hordaland og Sogn og Fjordane, seinare også i Syd-Vesten, bladet til Rogaland legeförening, i tillegg til informasjonen ligg på nettsidene til instituttet. Vi har no utgitt ei komplett samling Universitetslegen frå åra 2001-2011. Som vedlegg har vi samla nokre historiske dokument; om opninga av instituttet frå Tidsskriftet 1972, og artiklar om dei to første professorane, Sigurd Humerfelt og Per Fugelli. Dersom nokon ønskjer eit eksemplar av heftene, ta kontakt med underiteikna.

Steinar Hunskaar
steinar.hunskar@isf.uib.no

Doktorgrad: Fastlegen som livsstilsveileder

Eirik Abildsnes disputerte for ph.d.-graden ved UiB den 23.11.2012 med avhandlingen "The general practitioner as lifestyle advisor. A

focus group study exploring case story discussions".

Avhandlingen undersøkte holdninger, handlingar og refleksjon hos fastleger knyttet til å veilede pasienter i å endre en usunn livsstil. I avhandlingen påviser Abildsnes mange ulike metoder som fastlegene brukte i slike konsultasjonar. Han analyserer også aspekter ved makt og avmakt i forholdet mellom pasient og lege. Den siste delen av avhandlingen er en analyse av interaksjonen mellom legene når de la fram og diskuterte konsultasjonar de hadde gjennomført.

I studien deltok seks grupper med leger som regelmessig møttes i forbindelse med videre- eller etterutdanning i fokusgruppediskusjonar. Presentasjon og diskusjon av kasuistikker har lange tradisjonar i medisinen, og er blitt en nyttig læringsform i grunn- og videreutdanning.

Eirik Abildsnes (f. 1960) er utdannet lege fra UiB, spesialist i allmenntmedisin og arbeider som fastlege og kommuneoverlege i Kristiansand. I forbindelse med ph.d. prosjektet har han vært tilknyttet Forskningsgruppen for allmenntmedisin. Veilederar har vært Per Stensland og Signe Flottorp.

Mer tverrfaglig undervisning i kommunikasjon

Kommunikasjon er kjernekompetanse blant de kliniske ferdighetene. Tidligere var det i stor grad allmenntleger og psykiatere som hadde ansvar for undervisningen blant legestudentar. De siste årene har dette endret seg, og ved UiB deltar nå undervisere fra en rekke spesialiteter. «Kommunikasjonskurset» er et ukeskurs for 3. års legestudentar. For gruppen på 80 studentar er det 10 undervisere til stede hele uken: Allmenntmedisin, psykiatri, anestesi, gynekologi, indremedisin, kirurgi, lungemedisin, oftalmologi og pediatri er alle representert på lærersiden. Dette gir mulighet for en stor spennvidde i undervisningen, og en vektlegging av kommunikasjonsferdigheter som gjelder uavhengig av klinisk setting. På kommunikasjonskurset bruker en ulike undervisningsformer: øvelser og samtale i smågrupper, besøk av pasientar og pårørende, film, rollespill med skuespillar, lærernes erfaring med feilbarlighet, og

plenumforelesninger med diskusjon. Det tverrfaglige samarbeidet på kurset har fått svært god tilbakemelding fra studentene.

Allmenntmedisin - et usikkert prosjekt!

Neste års praksislærerkurs blir arrangert i Florø onsdag 24. (kveld) - fredag 26. april 2013 med tittelen: «Allmenntmedisin – et usikkert prosjekt. Fastlegen mellom klinisk skjønn og juridiske regler» (kursnr. 27334).

Målgruppen er universitetslektorar og andre allmenntleger som veileder, eller planlegger å veilede, legestudentar, turnusleger og yngre kollegaer. Målet med kurset er at deltakerne skal tilegne seg en økt forståelse av de juridiske rammene for arbeidet i allmenntmedisin og for de dilemmaene som er knyttet til medisinsk feilbarlighet. Praksis opererer i et grenseland mellom medisin og jus. Mens helsetilsynet ser praksis som styrt av regler og juridiske rammor, vil praktikere legge vekt på faglighet og klinisk skjønn. Kan vi undervise feilbarlighet og jus i en ramme av praktisk hverdagsmedisin? Kan vi dele egen feilbarlighet med studentene?

Kurset er godkjent med 15 poeng som klinisk emnekurs i allmenntmedisin og som 15 timer valgfritt kurs for samfunntmedisin. Påmelding (frist 01.02.13) til: kirsti.nordstrand@isf.uib.no

Doktorgrad: Sjeldne sykdommer

Aasne Aarsand disputerte 2.11.2012 for ph.d.-graden ved UiB med avhandlingen "Diagnosing and monitoring the porphyrias."

Porfyri er felles betegnelse på en gruppe sjeldne, hovedsakelig arvelige sykdommer. Aarsand har gjennom sin avhandling bidratt til å øke kunnskapen om hvordan porfyri sykdommene best kan diagnostiseres og følges opp.

Aasne K. Aarsand (f. 1973) er lege fra NTNU, spesialist i medisinsk biokjemi og overlege ved Haukeland universitetssjukehus. Avhandlingen utgår fra Institutt for samfunntmedisinske fag med professor Sverre Sandberg som hovedveileder.